



Festidalen 2012 var svært vellukka (Foto: Ola Matti Mathisen)

Vi bringer her ein oversikt over tiltak, plan og utvikling i Uskedalen 2012 utarbeidd av Uskedal Utvikling. Oversikten er ikkje fullstendig og viktige tiltak kan vera utelatne



Opninga av SPAR i utvida skikkelse var eit høgdepunkt (Foto: Ola Matti Mathisen)

Folketal og busetnad

- Folketalet ved årsskiftet var 1039. Folketalet pr. 01.01.2012 var 1061. Dette syner ein nedgang på 22. Talet er usikkert og kan verta justert
- Det er ferdigstillt 6 nye husvære i 2012, 0 hytter. Tal i 2011: 9 husvære, 4 hytter (Dimmelsvik toppa lista med 13 ferdigstilte husvære)
- Ospelund byggefelt med 60 tomter er klargjort for bygging av to tomannsbustader og to einebustader
- Nedre Halsabrotet med 11 einingar er klargjort for bygging av fire tomannsbustader og ein tremannsbustad
- Øvre Halsabrotet er klar for bygging av nokre bustader
- Det er ledige tomter i byggefeltet i Skårhaug
- Byggeprosjektet på Eikelandet med 8 leilegheiter er starta. Husa er teikna om frå funkis-stil til hus med saltak/sjøhusstil
- Alle seksjonane bortsett frå ei på Beinavikjo er ferdigstilte og busette
- Nye hus er komne til på Ytre Eik

Næring, plan og utvikling

- 3 næringsbygg er tekne i bruk, Spar Uskedalen, Elins Matgleder og Olav Hjetland Bringedal med ny saueflor
- Det føreligg reguleringsplan for Børnes industriområde
Kommunen byggjer infrastruktur med nivåplanering til fylkesvegen og tilrettelegging med veg og vatn. Det føreligg 5 tomtesøkjarar
- Reguleringsplan for Rabben Feriesenter og Øyro Marina er godkjend

- Det føreligg plan for opprustning av Rabben Feriesenter
- Det er stor investeringsvilje i landbruket med nybygg, renovering, påbygg og nye siloanlegg
- Brua over Dønhaughølen er på plass
- Grunnarbeidet for utviding av Kvinnherad Vekstbedrift er gjort
- Eidsvik skipsbyggeri har levert fiskebåttil Liegruppen på Sotra og det vert arbeidd med å sikra verksemnda nye kontraktar
- Det føreligg planar for renovering/utviding av Uskedal skule med løyving i 2014/2015
- Arbeidet med ein sikker kaiplass til to større båtar i Uskedal båtlag si hamn er gjort
- Arbeidet med stadanalyse/sentrumsplan ligg inne med løyving i Økonomiplanen i 2014, kr.250.000,-
- Det er planar om kafedrift på Brekktoppen. Arbeidet med ombygging av lokale er starta
- Søknad om sal av Thaimat på kommunal grunn i sentrum er godkjend. Det vert utarbeidd ein avtale med Uskedal utvikling om uttak av straum, avhengig av spillvatn m.m.
- Uskedalen er prekvalifisert og løyvd stimuleringsmidlar kr. 20.000,- til det regionale utviklingsprosjektet LivOGLyst for 2013

Kultur, fritid og profilering

- Festidalen gjennomførte ein vellukka festival i 2012 og dei har grunnfesta sin posisjon som ein regional festival. Ny festival er planlagd i august 2013
- Andre større og planlagde arrangement vart gjennomført er oppsett plan: Heio Cup, Aktivitetsdagen m/ Hopp i havet, Bøkkervelden, Museumsdagen på Rød og låvedansar/ pubkveldar på Dønhaug
- Uskedalselva vert rekna som ei av dei beste fiskeelvane på Vestlandet
- Desse har motteke støtte frå Sparebank 1 stiftinga til: Skigruppa Uskedal idrettslag, Uskedal utvikling (kjellar Gamleskulen og datautstyr for Senior Surf)
- Det er løyvd midlar frå Kvinnherad energi sitt kulturfond til politibil og lavvo Skårhaug
- Kjøkkenet i Gamleskulen er renoverert. Ungdomslaget har plan klar for renovering av kjøkkenet i Helgheim. Matsalen i Helgheim er pussa opp. Gamlakjøkkenet i Bedehuset er ombygd til aktivitetsrom og peisestova er pussa opp.
- Folkemusikkveka 2012 og Røysterett for alle si urframføring av songsyklusen Grendastev, mytespinn og fjordtrallar vart lagt merke til. Tekst: Svein Rimestad. Komponist: Maria Malmsten
- **2012 har vore eit godt nasjonalt profileringsår for Uskedalen. Dette har samanheng med:**

NRK-program om Ola Matti Mathisen og uskedalen.no
NRK-program om Robert Smith Hald

Elin Enes og Heimekokkelaugget (Hellstrøm)
Spar Uskedalen kåra til den beste Sparbutikken i landet
Mona Vetrhus med boka "Nokre gutar kjem ikkje heim i kveld"
Festidalen som ein regional festival
Vegard Døssland – i landstoppen av unge utøvarar



Eikelandetprosjektet tek form (Foto: Ola Matti Mathisen)